



Løn og rekneskap

Dato	Sakshandsamar	Vår ref.	Dykkar ref.
15.02.2016	Arthur Kleiveland	14/537 - 22	

Godtgjersle til ordførar og varaordførar i Radøy kommune

Kommunestyret i Radøy fastsette 27. januar 2016 ny godtgjersle til ordførar og varaordførar for perioden 2016-2019.

Kommunestyret i Radøy - 005/2016:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

1. Ordføraren si godtgjersle vert sett til 90% av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Godtgjersla vert gjort gjeldande f.o.m. 1.januar 2016. Godtgjersla vert regulert automatisk etter auke i stortingsrepresentantane si godtgjersle kvart år. Godtgjersla gjeld for tenestegjering i alle kommunale verv.
2. Ved fråtreiding får ordføraren ettergodtgjersle fram til 31. desember ved valperiodens slutt. Dersom ordføraren trer inn i ny stilling på eit tidlegare tidspunkt, fell ettergodtgjersla bort frå same tid.
3. Ordføraren skal vera innmeldt i pensjonsordning for folkevalde (KLP) samt ordninga tilsvarende HTA, kap. 1 § 10 når det gjeld "ytingar etter dødsfall/gruppelivsforsikring".
4. Retten til sjukepengar vert som for dei kommunalt tilsette arbeidstakarane.
5. Varaordførar si godtgjersle vert fastsett til 20% av ordførar si godtgjersle frå 1.januar 2016. Godtgjersla gjeld for tenestegjering i alle kommunale verv.

Med helsing
Arthur Kleiveland
konsulent kultur- og sørvistorget

Andre mottakarar:

Løn og rekneskap